



Slik vart bilen ståande etter utforkøyringa like før jul. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bilen som køyrde ut og vart ståande på tvers i vegkanten på Ljosnes 22. desember stana der ungane står og ventar på bussen, påpeiker Erlend Moen i eit brev til kommunen. Akkurat her går folk også til og frå buss og postkassar



Erlend Moen: - Inga tid å miste! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Heldigvis vart det berre materielle skadar også denne gongen, men Moen slår fast at det er berre flaks at ingen vart drepne eller alvorleg skada. Det er ikkje fyrste gongen at bilar har vore utanfor vegkanten akkurat her og det er påkrevd med tiltak på begge sider av vegen. Det er også mange bilar som køyrar langt fortare enn 60 kilometer på staden..

Det er betenkeleg for dei som bor på staden at dei er tvungne til å stå i vegkanten eller grøfta på begge sider av vegen utan noko vern mot trafikken som dunderar forbi. Mange barn står her både om morgonen og ettermiddagen på begge sidar av vegen og det er mange som brukar busen ellers også..

Moen minnar om at det vart avsett pengar på 2008-budsjettet til prosjektet, men det har ikkje lukkast kommunen å komma til einigheit med grunneigar om utforminga av busslommar. Kommunen har difor stoppa prosjektet sjølv om det føreligg eit politisk vedtak om gjennomføring..

Moen oppmodar kommunen om å gjennomføra dei nødvendig grep og bli einig med grunneigar slik at saka kan bli løyst før liv går tapt. Av ulukka før jul ser ein kor utsatt plassen er og at det ikkje er noko tid å mista, skriv Moen.

Av Ola Matti Mathisen